




### ÅRSPROGNOSE SKYSS



### ÅRSPROGNOSE SAMFERDSELAVD



### ÅRSPROGNOSE SAMFERDSELSSEKTOREN TOTALT



### MOMENT OG KOMMENTARAR IFT PROGNOSE

|   |
|---|
| <b>KOSTNADAR</b>  |
| Innsparinga på kostnadssida har i hovudsak samanheng med at kostnadsutviklinga er gunstig for kontraktane for kollektivdrifta. Det er særleg i ferjedrifta at utslaga er store. I tillegg er det unyttta midlar på 10 mill kr til taktsamordning Bergen-Arna. For drift av fylkesvegnettet (driftskontraktane), er det venta eit samla meirforbruk på ca. 15 mill.kr som er 3,2% meir enn løyvinga for 2016. Dette skuldast i hovudsak at prognosane for driftskontraktane for Nordhordland og Sunnhordland viser eit meirforbruk på h.h.v 2,5 og 4,5 mill.kr pga opprydding etter stormen Nina og vinterdrifta. I tillegg er det venta 4,0 mill kr i kostnadsauke på tunneldrifta i Bergen. Elles er det varsla eit lite meirforbruk for fleire av driftskontraktane. Bortsett frå drift av fylkesveggar er det så langt budsjettmessing kontroll på alle driftsområda.  |
| <b>INNTEKTER</b>  |
| Trafikkinntektene har per juli har auka med 4,7% i forhold til budsjettet. Trafikkveksten per 1. halvår er på omlag 4,0% samanlikna med same periode i 2015. Trafikk- og inntektstala for august ligg også over budsjettet. Årsprognosen syner difor inntektsvekst over budsjettet på omlag 14 mill kr.   |
| <b>KOMMENTARFELT PROGNOSE:</b>  |
| Overforbruket på drift og vedlikehald av fylkesvegane kjem av at Statens vegvesen har meldt inn ein prognose på eit meirforbruk på omlag 15 mill. kr. Dette er 3,2% utover budsjettet. I forhold til det knappe fylkesvegbudsjettet, der mesteparten av budsjettmidlane er bunde opp i faste kontraktar, og det difor er lite og ingen midlar til uføresette hendingar, kan ein ikkje sjå vekk frå at det kan koma overskridingar på denne budsjettposten, særleg sett i forhold til det store etterslepet på vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er eit mindreforbruk i sektoren på 41 mill. kr. Dette skuldast at 10 mill. kr. til taktsamordninga Bergen-Arna ikkje vert sett i verk i 2016, 14 mill. kr til mindre kostnader og omlag 17 mill. kr. til auka inntekter. Den totale prognosen for sektoren vert då omlag 26 mill. kr. For sektoren er det særst positivt at Skyss har hatt eit realistisk budsjett både på inntekts- og kostnadssida. Så har kostnadsutviklinga på sentrale kostnadspostar vore gunstig siste året for dei gjeldande kontraktane, og i tillegg har passasjertilslutnaden vore over budsjettet, slik at også inntektssida gjev positive bidrag til drifta. |

## MÅLOPPNÅING 2. TERTIAL 2016

| Budsjettmål                              | Tiltak/ Målsetjing 2016.  | Pr Aug           | Prognose 2016         |
|--|---|------------------|-----------------------|
| 1 Nullvekstmålet og auke kollektivreiser | 4% auke i tal på kollektivreiser.   | Ligg godt an pt. | Ja, vil oppnå mål.    |
| 2 Satsing mot alvorlegaste ulykkene.     | Nedgang drepne/hardtskada; 71 i 2016.                                     | Ligg godt an pt. | Vil delvis oppnå mål. |
| 3 Oppretta trafikksikre kommunar.        | 4 nye kommunar i 2016.  | Ligg godt an pt. | Ja, vil oppnå mål.    |
| 4 Oppretthalda vegkapitalen.             | Leggja fram strekningsvise utgreingar og innarbeida prioriteringar i RTP. | Ligg godt an pt. | Ja, vil oppnå mål.    |
| 5 Auka fokus/kontroll store vegprosjekt. | Setja inn ressursar med kompetanse.                                       | Ligg godt an pt. | Ja, vil oppnå mål.    |

### KOMMENTARARFELT BUDSJETTMAÅL:

Samferdselsavdelinga arbeidar målretta for å oppnå måla. Fleire av måla er som er utarbeidd er vanskeleg å tal festa og er av meir langsiktig karakter. Til mål 4 vil ein merka fylgjande. Med auka løyvingar kan ein stoppe forfallet, men skal ein ta igjen forfallet krev det store løyvingar i åra som kjem. Budsjettmålet om å oppretthalde vegkapitalen blir ikkje nådd i inneværende år.


Fylkesdirektør samferdsel har under arbeid ei rulling av gjeldande strategi for drift og vedlikehald av vegnettet. Planen er at strategidokumentet skal til politisk handsaming i løpet av 2016.

Avdelinga vil komma nærare tilbake til status for måla ved rapporteringa pr 2. tertial.

## RISIKOVURDERING

| FAKTORAR/ HENDINGAR       | SANNSYNLIGHET | ØKONOMISK KONSEKVENS       |
|---------------------------|---------------|----------------------------|
| 1 Inntektsutviklinga      | Moderat       | Middels negativt budavvik. |
| 2 Kostnadsutvikling Skys  | Moderat       | Middels negativt budavvik. |
| 3 Meirkostnader fylkesveg | Moderat       | Middels negativt budavvik. |
| 4                         |               |                            |
| 5                         |               |                            |

## FORBRUK REISEVERKSEMD / 2016 vs. 2015



### MERKNAD REISEVERKSEMD:

I reiseverksemd ligg forbruk til bilgodtgjerdse (art 11600), kostgodtgjerdse (art 11610), administrativ forpleining (art 11620), andre reiseutgifter (art 11630) og reiseutgifter (art 11700). Desse kostnadane er samla ein viktig KPI for HFK i 2016. Samferdslesektoren har omlag same/ noko lågare forbruk på dette området hittill i år samanlikna med samme tidspunkt i 2015.